

**Minnemarkering etter våpensleppet i heia mellom  
Jørpeland og Årdal under krigen, 22. september 2024**

Fellestur frå Liarvatnet til Målandsdalen, med markering ved  
nytt minnesmerke på Brogaheia ovanom Longavatnet kl. 13.

Hjelmeland og Strand kommunar deltar saman med  
Heimevernet.



Restane av containerane slik dei ligg i dag  
*Posisjon 32V 340202 6552476 (UTM)*



## 80-års minnemarkering av våpensleppet på Brogaheia 8. november 1944<sup>1</sup>

8. november 2024 er det 80 år sidan det allierte våpensleppet på Brogaheia mellom Målandsdalen og Longavatnet. Det var Erling Holst, Anders Leite og Marton Førland frå Jørpeland og Torgeir Hetland frå Kompani Linge si *Osprey-gruppe* som tok imot sleppet. Det landa 24 containere med 2 ½ tonn våpen og ammunisjon som vart gøymde i snøen. Figjeringsvåren 1945 var om lag 15 mann med og tok innhaldet ned via Liarvatnet til Jørpeland og Stavanger.



Frå venstre Anders Leite, Erling Holst og Marton Førland i militær uniform  
*Bilde frå artikkel i Stavanger Aftenblad, 1954*

Denne spennande hendinga er levande gjengitt både i Per Asbjørn Holst sitt gode hefte «Strand under krigen» og i filmen som like etter krigen vart spelt inn av dei som var med sjølve. På heimesida til Strand Historielag er det link til både denne filmen frå 1946 og eit intervju med Anders Leite og Sam Langeland frå 1983.

### Den lokale krigshistoria

Etter at det tidlege motstandsarbeidet i Strand og distriktet elles vart rulla opp på tragisk vis seinhausten 1942, skulle det gå 1 ½ år før det vart ny fart i det lokale arbeidet. Det var den nevnte opprullinga som førte mange strandbuar i tysk fangenskap, mellom dei Torvald Fiskå og Trygve Holst som aldri kom heim i live.

Med stadige tyske tilbakeslag ettersom krigslukka snudde utover i 1943 vart dei norske heimestyrkane systematisk oppbygde for å frigjera landet. Lokalt var det ein merkedag då fire mann frå Kompani Linge si *Osprey-gruppe* landa i Bjerkreim 11. desember 1943. *Osprey* skulle danna ryggrada i heimestyrkane i Sør-Rogaland og har jamvel gitt navn til HV-08 sin innsatsstyrke i våre dagar.

<sup>1</sup> Lokalt har 18. november festa seg som datoen for våpensleppet på Brogaheia, men allierte arkiv dokumenterer at datoen var 8. november, som òg står på minnesmerket ved Austre Målandsstøl.




*Osprey-gruppa* fotografert etter krigen. Frå venstre Torgeir Hetland, Alf Espedal, Knut Kjærland og Jan Weltzin  
*Bilde frå artikkel i Stavanger Aftenblad, 1954*

Alf Espedal frå Forsand som var leiar av *Osprey*, tok kontakt med Erling Holst på Jørpeland i juli 1944. Erling var bror av Trygve som var i tysk fangenskap og derfor ein framifrå kandidat til å bygga opp heimestyrkane i Strand. Erling vart beden om finna mulige sleppstader i Jørpeland- og Årdalsheia. Det var òg Erling som råda *Osprey* til å ta inn i Ulvaskog-hytta ei tid, då det etter kvart vart for farleg der dei var.


Sleppstaden på Brogaheia vart godkjent av dei allierte styresmaktene i England og fekk kodenavnet HOCK 2 «Langavann». Det var viktig at sleppstaden ikkje måtte ligga for nær Sola og andre tyske anlegg, men han måtte heller ikkje ligga for lang inne i heia. Vidare måtte det helst vera hei eller myr og ikkje fjellgrunn på staden, dessutan ikkje vath der det dyrebare sleppet kunne søkka.

Erling Holst valde seg ut Anders Leite og Marton Førland og eit par andre gruppeleiarar. Det var desse tre saman med Torgeir Hetland frå *Osprey* som tok imot det *første* lokale flysleppet (kun våpen/materiell) på Brogaheia 8. november 1944. Sidan dette vart tatt imot av Jørpelandskarar og jamvel tatt ned til Jørpeland og Stavanger, har det nok vore sett på som eit «Jørpeland-slepp» sjølv om det fan stad i gamle Årdal kommune.





Kartutsnitt over sleppstaden på Brogaheia, flyretning frå sør  
Fritt etter figur i «Strand under krigen»



«Containerne er funnet og graves opp av snøen. Fra venstre Torvald Dalen, Marton Førland, Sam Langeland og Elmer Bjørheim.  
Bildet er tatt i februar 1945 ved Målandsvatnet i Ardalsheia»  
Bilde frå artikkel i Stavanger Aftenblad, 1954

Seinare vart sleppstaden HOCK 2 flytta om lag 2 km nærare Årdal og bytta navn til «Målandsvann». Årsaka kjenner me ikkje til, men det er mulig at ein ville lenger bort frå Jørpeland og Stavanger. Så kjenner me historia om Avocet-gruppa og det andre lokale flysleppet (både personell og våpen/materiell) ved Austre Målandsstøl 1. januar 1945. Dei fire nye Linge-karane som landa i heia nyttårsdag saman med ei mengd våpen, ammunisjon og utstyr vart mottekne av Osprey, og karane tok vegen til Livastøl. Dette sleppet har naturlegvis fått meir merksemd i Årdal, sjølv om det fann stad bare 2 km og 1 ½ månad frå det på Brogaheia.

Desse to sleppa er markerte på minnesmerket som alt står ved Austre Målandsstøl.

Så dokumenterer allierte arkiv at det òg var eit tredje lokalt flyslepp ved HOCK 2 (kun våpen/materiell) så seint som 23. april 1945. Dette sleppet kjem ikkje fram av lokale kjeider, men det er sannsynleg at det òg skjedd ved Austre Målandsstøl.

Det fjerde lokale flysleppet (både personell og våpen/materiell) fann stad på Måmyra i Årdal så seint som 26. april 1945. Her landa to nye Linge-karar frå gruppa Polar Bear / V saman med ei mengd våpen, ammunisjon og utstyr. Sleppstaden på Måmyra hadde kodenavn HOCK 4 «Årdal» og vart nytta bare denne eine gangen.

Det er interessant i seg sjølv at to av tre personellsleppa i Rogaland (Milorg D19) altså fann stad i Ardalsheia (Avocet og Polar Bear / V). Det syner kor viktig vårt distrikt var for oppbygginga av motstandsarbeidet i Rogaland.



Minnesmerket ved Austre Målandsstøl  
Posisjon 32V 341514 6553771 (UTM)



## Det store bildet

Den allierte innsatsen for å bygga opp heimstyrkar i dei okkuperte landa var enorm, og Norge var ikkje noko unntak. Allierte arkiv dokumenterer om lag 1300 planlagde slepp av personell og våpen/materiell over heile landet. Av desse var om lag 750 slepp vellukka i den forstand at våpna/materiellet kom heimestyrkane i hende.

Ved frigjeringa 8. mai 1945 var Milorg ein hær på om lag 40.000 mann under våpen, og heldigvis overgav tyskarane seg utan kamp. Når *Osprey* landa i Bjerkreim i 1943 var det ikkje sjølvstøtt at frigjeringa av landet skulle skje utan kamphandlingar. I mai 1945 var det minst 340.000 tyske soldatar i Norge, og eit av scenaria dei allierte styresmaktene måtte rekna med, var at tyskarane kunne setta seg kraftig til motverge.

## Epilog

Kor vart det så av våpna/materiellet Jørpelandsskarane tok imot på Brogaheia, og var innsatsen deira naudsynt? Det me veit, er at i alle fall ei last vart tatt ned Dalavegen til Jørpelandsvågen og vidare til Stavanger på modigaste vis. Vidare veit me at den lokale Milorg-gruppa med støtte frå *Osprey* og *Arcoel* drev våpentrening i heia, og ved frigjeringa deltok dei i vakthald både ved stålverket og kraftstasjonane i distriktet.

At den lokale innsatsen var ei naudsynt brikke i det store bildet er nok udiskutabelt. Det var den enkelte norske mann og kvinne sitt «JA» til å gjera ein innsats for konge og fedreland som utgjorde forskjellen, slik og med våre sambygdingar. Dei gjorde ikkje noko mindre enn det nasjonalsongen endar med: «også vi, når det blir krevet, for dets fred slår feir!»



## Kjelder

1. Strand Historielag: film med rekonstruksjon av hendingane ved Erling Holst m.fl. frå 1946
2. Strand Historielag: film med intervju av Anders Leite og Sam Langeland frå 1983
3. Per Asbjørn Holst: «Strand under krigen»
4. Arne F. Egner: «BBC: Kanonen spiller Chopin»
5. Korrespondanse med Arne F. Egner som har kartlagt alle allierte flyslepp over Norge
6. Artikkel om Milorg D19 i Stavanger Aftenblad 18. desember 1954

September 2024, Kåre Olav Oftedal  
På vegner av arbeidskomiteen for minnemarkeringa


8. NOVEMBER 1944 TOK ERLING HOLST, ANDERS LEITE OG MARTON FØRLAND FRÅ JØRPELAND OG TØRGEIR HETLAND FRÅ KOMPANI LINGE SI OSPREY-GRUPPE IMOT EIT ALLIERT VÅPENSLLEPP HER PÅ BROGAHEIA. DET LANDA 24 CONTAINERAR MED 2 ½ TONN VÅPEN OG AMMUNISJON SOM VART GØYMD I SNØEN. FRIGJERINGSVÅREN 1945 VAR OM LAG 15 MANN FRÅ HEIMESTYRKANE MED OG TOK INNHALDET NED VIA LIARVATNETT TIL JØRPELAND OG STAVANGER. RESTANE AV CONTAINERANE LIGG FRAMLEIS I URA 400M MOT NORDVEST OG VITNAR OM HENDINGÅ.

OPPSETT AV HJELMELAND OG STRAND KOMMUNAR VED 80-ÅRS MÅRKERINGA I 2024.



Det nye minnesmerket på Brogaheia

Minnesmerket er laga i 40x50cm rustfritt stål og fritt levert av IKM Aquamarine på Jørpeland. Flyet på skissa er eit 2-motors britisk bombe- og transportfly av typen *Armstrong Whitworth Albemarle* som var mykje nytta til slike oppdrag. Landskapet viser Brogaheia med Longavatnet i enkel strek. Det kom ned 24 containerar samtidig i sleppet, men talet på skissa er begrensa til tre.



Flyttblokka der minnemarkeringa finn stad. Restane av  
containerane ligg oppe i lia til venstre  
Posisjon 32V 340417 6552150 (UTM)

## Nasjonalsongen

Ja, vi elsker dette landet som det stiger frem,  
furet, værbitte over vannet, med de tusen hjem.  
Elsker, elsker det og tenker på vår far og mor  
og den saganatt som senker drømme på vår jord.

Norske mann i hus og hytte, takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte, skjønt det mørkt så ut.  
Alt hva fedrene har kjempet, mødrene har greitt,  
har den Herre stille lempet så vi vant vår rett.

Ja, vi elsker dette landet som det stiger frem  
furet, værbitte over vannet med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet, for dets fred slår leir.